

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/8195 - 22/23120

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
21.03.2022

Behandling av klage på gebyr - Naust med kai, utfylling i sjøen - dispensasjon - gbnr 106/12 Fanebust

Tiltak: Naust - dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 106/12
Tiltakshavar: Vigleik Vabø
Ansvarleg søker: Magne Hope AS Entreprenørforretning

Delegasjonssak nr.: 329/22

VEDTAK:

Med heimel i Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Alver kommune, føresegn 4.9, vert søknad om redusert gebyr avslått.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING

Tiltakshavar Vigleik Vabø har i e-post datert 23.02.2022 klaga på fakturert saksbehandlingsgebyr for løyve til oppføring av kai, naust og utfylling i sjøen med dispensasjon på gbnr. 106/12 i vedtak datert 19.01.2022. Tiltakshavar har i sin klage anført følgjande:

1. Tiltakshavar opplyser at han ble informert om dispensasjonsgebyr i saka , men ikke om sakshandsamingsgebyr for byggesak.
2. Tiltakshavar meiner at gebyret for dispensasjonen bør slettast då tiltaket skal tene allmenta og bevare eldre kommunal kai – viktig lokal kulturminne. I tillegg utforming av kai gir betre tilpassinga til terrenget enn det som regulert til kai i planen. Tiltakshavar er ikke samd med kommune i plantolkning og meiner at kai kan oppførast utanfor området regulert til kai innanfor naustføremålet.

3. Tiltakshavar viser til at det i gebyrregulativ for Alver kommune 2021 pkt. 4.9 kan søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt.

Vurdering

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

1. Gebyr for byggesakshandsaming

Når det gjeld tiltakshavar si merknad om han ble ikkje informert om gebyr for byggesakshandsaming så står det i gebyrregulativet 2021 pkt. 4.1 Betalingsplikt at den som får utført teneste skal betale gebyr i samsvar med satsane i regulativet. Gebyret skal betalast uavhengig av seinare endring av vedtak, klage på vedtak, klage på gebyr, søknad om redusert gebyr. Klagen fører ikkje til utsett betalingsfrist. Det kan ikkje klagast på gebyr for sakshandsaming i byggesak. Denne delen av klagen er avvist med heimel i Gebyrregulativet pkt. 4.10.

2. Bruk av gebyrregulativ

Når det gjeld tiltakshavar si merknad om at det skal slettast gebyr for dispensasjon då tiltaket skal tene allmenta har administrasjonen følgjande vurdering:

Dispensasjonsgebyr skal takast i alle saker med dispensasjon frå planføremål, byggjegrense mot sjøen etc., sjølv om tiltaka skal tene allmenta som felles hytter, parkeringsplassar for turgåare. Tiltakets karakter gir ikkje fritak frå dispensasjon og endrar ikkje planstatus og til og med friluftsrådet, Alver kommune etc. må søke dispensasjon og betale gebyr i slike dispensasjonssaker uavhengig av samfunnsviktig bruken, tilrettelegginga av tiltak til allmenta eller rørslehemma.

Det er tydeleg avgrensing i plankartet for kvert arealføremål med eigen fargekode i denne reguleringsplanen, så administrasjonen aksepterer ikkje oppføring av kai i område regulert til naust, då det finns eige kaiområde i plankartet.

Kommunen har fakturert følgjande gebyr i saka:

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning vert det følgjande gebyr i saka:

Søknadspliktige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
9.2	Dispensasjon	1	17.000	17.000
10.2.6	Kaianlegg med murar, fyllingen	1	18.000	18.000
10.2.5	Nauist	1	7.900	7.900
10.2.11	Melding om manglende informasjon	1	2.500	2.500
Totalt gebyr å betala				45.400

Gebyret er fakturert i samsvar med Alver kommune si lokale forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste for 2021. Forskrifta er vedteke av Kommunestyret i Alver kommune og er rettsleg bindande for administrasjonen si fastsetting av saksbehandlingsgebyr innanfor tekniske forvaltningstenester for alle saker som er motteke i 2021.

3. Søknad om redusert gebyr

Faktura for handsaming av byggesøknad vart sendt til tiltakshavar den 28.01.2022. Kлага vart motteke kommunen den 23.02.2022. Administrasjonen finn difor grunnlag for å vurdere klagan som ein søknad om redusert gebyr etter gebyrregulativ for Alver kommune pkt. 4.9 som tiltakshavar viser til.

Gebyrregulativa opnar for at det kan søkjast om redusert gebyr «når særlege grunnar ligg føre». Fristen for å søkje er 3 veker etter at faktura er motteke.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønnsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnadane knytt til den enkelte sakstype. Det er ikkje ført timelister for behandlinga av søknaden. Gebyret er fastsett på bakgrunn av det gjeldande gebyrregulativet, her gebyrregulativ for Alver kommune 2021. Det er såleis vurdert at tiltaket ligg innanfor dei gjennomsnittlege utgiftene kommunen har ved behandling av slike saker.

Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.